

Saksbehandlar: Arvid Stenehjøm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/1191-5

Skriv og meldingar 13. september 2017

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

Meldesak 1) Varslingsinstituttet er revidert

Retningslinjer for varsling om kritikkverdige forhold er revidert i samsvar med endringane i arbeidsmiljølova som tok til å gjelde 1. juli 2017.

Hovudføremålet bak varslingsreglane er å gjere det tydeleg at varsling er lovleg og ønska samt å beskytte arbeidstakarar som gjer bruk av retten til å varsla. Eit nytt kapittel [2A](#) i lova er lagt til. Etter lova har arbeidstakar altså rett til å varsla om kritikkverdige forhold i verksemda. Arbeidstakar har i tillegg eit korresponderande vern mot gjengjelding. Arbeidsgivar plikter å utarbeide rutinar for intern varsling. Dokumenta ligg på [Portalen](#).

Meldesak 2) Arbeidsreglementet er revidert

Etter aml § 14-16 skal det liggja føre eit arbeidsreglement for arbeidstakarane. Reglementet skal innehalda ordensreglar, reglar for arbeidsordninga, vilkår for tilsetjing, oppseiing og avskil og føresegner om utbetaling av løn. Arbeidstakarane pliktar å setja seg inn i arbeidsreglementet.

Fylkestinget vedtok 25. september 1980 personalreglementet for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Reglementet har i hovudsak dekt dei krava som er stilte til arbeidsreglement etter aml. Endringar i lov- og regelverk og utviklinga i arbeidslivet har medført behov for nytt reglement. I arbeidet med å utarbeida nytt reglement har vi nytta nemninga arbeidsreglement.

Administrasjonsutvala for kommunal og statleg sektor vedtok i møte 15. november 2000 arbeidsreglement for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Reglementet gjeld frå 1. desember 2000.

Sist oppdatert juli 2017, i tråd med samfunnsutviklinga. Sjå [Portalen](#).

Meldesak 3) Tilsetjingsreglementet er revidert

Reglementet gjeld for tilsetjing i alle faste og mellombelse fylkeskommunale stillingar, så lenge noko anna ikkje er bestemt.

Reglementet gjeld ikkje når det kjem i strid med lover, tariffavtalar eller reglement som er bindande for fylkeskommunen.

Reglementet gjeld ikkje når fylkeskommunen set i gang ekstraordinære mellombelse sysselsetjingstiltak.

Sist oppdatert juli 2017, i tråd med samfunnsutviklinga. Sjå [Portalen](#).

Meldesak 4) IA-dagen 2017 - På lag i arbeidslivet

Den årlege IA-dagen vert arrangert på Scandic Sunnfjord Hotell i Førde den 21. september. Spannande innleiarar NAV leiar Sigrun Vågeng og Viktor Normann samt erfaringsinnlegg frå tre ulike verksender i fylket står på dagsorden.

Intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-avtalen) vart sist prolongert frå 4. mars 2014 til 31. desember 2018.

IA-avtalen sitt overordna mål er:

- Å betre arbeidsmiljøet, styrke jobbnærværet, førebygge og redusere sjukefråvær og hindre utstøying og fråfall frå arbeidslivet.

IA-avtalen sine tre delmål på nasjonalt nivå er:

1. Reduksjon i sjukefråværet med 20 prosent i forhold til nivået i andre kvartal 2001. Dette fordrar at sjukefråværet på nasjonalt nivå ikkje skal overstige 5,6 prosent.
2. Hindra fråfall og auke sysselsetjing av personar med nedsett funksjonsevne.
3. Yrkesaktivitet etter fylte 50 år skal søkjast lenga med tolv månader. Med dette ei auke samanlikna med 2009 i gjennomsnittlig periode med yrkesaktivitet (for personer over 50 år).

Meldesak 5) Verksemds-abonnement på kredittkort vert ikkje fornya

I ei årrekke (sidan 2003) har fylkeskommunen nytta sin bedriftsavtale med DINERS CLUB AS for å kunne tilby betalingskort for tilsette. Argumenter for dette har vore at vi har, sitat: «har eit betydeleg administrativt arbeid med utbetaling av forskot og handsaming av faktura knytt til tenestereiser». Kortet vart løysinga for å redusere desse transaksjonskostnadene. Avtalen med DINERS gav kort innehavaren reduserte årlege abonnementskostnader (kr. 75,-). Den tilsette fekk refundert dette gjennom innlevering av sine reiserekningar. DINERS sa opp sin avtale med verknad frå 27. april i år og vi står no ovafor valet om å re etablere ein slik ordning med andre kortleverandørar eller at ein overlèt dette til utelukkande å vere den tilsette sitt ansvar.

Leiargruppa har vurdert alle sider ved denne praksisen og funnet tida inne for å legge slikt ansvar over på den tilsette. Så lenge fleste kortleverandørar tilbyr kort utan årsavgift, så er det hensiktslaust å inngå ein avtale for fylkeskommunen. Den som søkjar om kort vil uansett måtte igjennom kredittsjekk. Denne vil ikkje vere forskjellig om vi har avtale eller ikkje – så lenge den enkelte heftar for bruk av kortet. Leiargruppa meiner at arbeidsgjevaravtale om kredittkort er ei ordning som har gått ut på dato av seg sjølv.

Meldesak 6) Nytt grunnkurs i arbeidsmiljøkunnskap

Hovudmålgruppa for kurset er verneomboda/vara verneomboda og medlemmar/vara medlemmar i dei lokale arbeidsmiljøutval (LAMU) samt medlemmar/vara medlemmar i hovudsamarbeidsutvalet (HSU). Tilbodet omfattar også dei som tidlegare har gjennomført kurset og som ønskjer å "friske opp att" kunnskapane sine. I målgruppa er også deg med leiaransvar, jf. kravet i arbeidsmiljølova sin [§ 3-5](#) som peikar på den plikta arbeidsgjevar har til å gjennomgå opplæring i helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.

Som tidlegare har vi opna opp for at **lærlingar** på kontrakt i våre einingar får tilbod om å fullføre kurset. Eg ber difor om at lærlingane særleg vert informerte og at opplæringsansvarleg legg til rette slik at dei kan delta på dette tilbodet.

Kurstilbodet følgjer 2+2 modellen som inkluderer noko heimearbeid mellom samlingane. Den første kursdagen har eit rammeinnhald som vil tene som grunnlag for heile kurset. Her vil vi presentera dei aktuelle 8 HMT-lovene med tilhøyrande føresegner samt vår praksis for vår arbeidsmiljøtenking. Arbeidsmiljølova og forskrifta om systematisk helse, miljø og tryggleiksarbeid ([internkontroll](#)) vil få størst merksemd. Den andre dagen har fokus på organisatorisk- og psykososialt arbeidsmiljø. I mellomperioden vil du få "heimeleksi" som i hovudsak knyter seg til bruken av Portalen som kunnskapsbase for arbeidsmiljøspørsmål. Den tredje dagen har fokus på det fysiske arbeidsmiljøet. Her under ergonomi, inneklima, kjemisk arbeidsmiljø og brannvern. Siste kursdag har mykje fokus på praksis, der oppfølging av sjukefråvær og tilrettelegging på arbeidsplassen har fokus.

Kurset er som tidlegare delt i to modular à to dagar og vil bli tilbydd dagane 4. og 5. oktober med vidare oppfølging 25. og 26. oktober 2017. Kurstaden er Thon Jølster Hotell, Skei.

Meldesak 7) Regionreforma – status og vidare prosess

Status for regionreforma pr. 5. september 2017 – sjå vedlegg.

Meldesak 8) Personverneombod

EU sin forordning for personvern blir norsk lov med verknad frå 25. mai 2018. Dette regelsettet bestemmer kort sagt korleis det offentlege og bedrifter kan og skal handsame opplysningar om einskildpersoner. Det gir også einskildpersonar rettigheter direkte overfor det offentlege og bedrifter, når det gjeld opplysningar som er samla inn om dei.

Fylkesrådmann tek dette til etterretning m.a. ved å førebu justeringar og tilpassingar i vår organisasjon. Prosedyrar for sakshandsaming og å sikre kvalitet i datalagring vil vere sentralt. Ei samordning med Hordaland fylkeskommune vil vere aktuelt – jf. regionreforma. Sjå forordningsteksten og andre opplysningar på [datatilsynet](#) sin portal.